



Knut Inge Eidsvik og Harald Myhre i styrkerommet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No er låsesystemet i orden og styrkerommet i Aktivitetshuset klart til bruk for alle med gyldig treningskort. Liste over personar med gyldige kort heng til oppslag i styrkerommet, melder styreleiar Bjørn Olav Tveit og presenterar reglane for bruken av dette nyaste treningstilbodet i bygda.**

Tveit strekar under at aldersgrensen for å trene i rommet er kalenderåret då ein fyller 16 år. Ingen under denne alderen skal trene der, heller ikkje i fylgje med vaksne. Og personar under 18 år må ha skriftleg samtykke frå føresette.

Treningskort kan ein kjøpa ved å betala til kontonummer 3460 10 20752. Betalinga skal merkast 'Styrkerom + korttype + ditt telefonnummer'. Seinast tre dagar etter betaling vert telefonnummeret registrert. Ytterdøra låser seg opp ved anrop til telefonnummer 59 24 59 32 frå det registrerte telefonnummeret.

Prisane er 1.600 kroner for eitt heilt år, 1.000 for halvår og 250 for ein måned. Studentar betalar 400 kroner for til dømes trening i helgar og ein skilde helgar og pensjonistprisen er 1.200 kroner for året. Det er familiemoderasjon ved kjøp av årskort - 1.200 kroner for medlem 2 og 800 kroner for medlem tre.

Det blir streka under i reglane at misbruk av låsesystemet vil føra til karantene eller inndraging av treningskort. Systemet loggar brukar og tidspunkt og eventuelt misbruk eller øydeleggjing vil såleis bli spora.

Alle nye brukarar skal ha opplæring i bruk av apparata og slik opplæring får ein ved å kontakta ein av dei to som har stått i spissen for dette tiltaket: Knut Inge Eidsvik på 48 00 57 41 eller Harald Myhre på 90 51 41 22.

Og så strekar Bjørn Olav Tveit under at avfallshandteringa er eit felles ansvar mellom brukarane. Han ber om at dei tar med seg boset heim slik at rommet er ryddig til ei kvar tid.

Av Ola Matti Mathisen